



**Kartlegging av utvalde naturtyper i  
Møre og Romsdal i  
2015**

Bioreg AS Rapport 2016 : 02

# BIOREG AS

## Rapport 2016 : 02

<b>Utførende institusjon:</b> Bioreg AS <a href="http://www.bioreg.as/">http://www.bioreg.as/</a>	<b>Kontaktpersonar:</b> Finn Oldervik og Solfrid Helene Lien Langmo (Tlf. 915 27 072)	<b>ISBN-nr.</b> 978-82-8215-307-2
<b>Prosjektansvarleg:</b> Finn Oldervik 6693 Mjosundet  Tlf. 71 64 47 68 el. 414 38 852 E-post: <a href="mailto:finn@bioreg.as">finn@bioreg.as</a>	<b>Finansiert av:</b> Fylkesmannen i Møre og Romsdal	<b>Dato:</b> 1. april 2016
<b>Referanse:</b> Langmo, S. H. L & Oldervik, F. G. 2016. Kartlegging av utvalde naturtypar i Møre og Romsdal i 2015. Bioreg AS. Rapport 2016 : 02. ISBN 978-82-8215-307-2.		
<b>Referat:</b> På oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal har Bioreg AS registrert utvalde lokalitetar av slåttemark i Møre og Romsdal fylke. Lokalitetane ligg spreidd i heile fylket, og til saman vart 13 lokalitetar undersøkt. Av desse stetta 11 lokalitetar krava til slåttemark.		
<b>4 emneord:</b> Biologisk mangfald Raudlisteartar Slåttemark Registrering		

**Figur 1. Framsida; Biletet viser prestekragar i slåttemark på Kvalsnes i Fræna kommune. (Foto: Bioreg AS ©).**

## FØREORD

På oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal har Bioreg AS utført kartlegging av utvalde naturtypar, med hovudfokus på slåttemark. 13 lokalitetar var melde inn, for det meste av grunneigarane, og desse vart undersøkt sommaren 2015. Av dei 13 lokalitetane vart det 11 som stetta krava til slåttemark. Desse er deretter skildra etter reviderte faktaark frå DN Handbok 13.

For oppdragsgjevaren har Geir Moen vore kontaktperson. For Bioreg AS har Finn Oldervik vore kontaktperson saman med Solfrid Helene Lien Langmo. Sistnemnde har også utforma mesteparten av rapporten samt utført feltarbeidet. Dagleg leiar i Bioreg AS, Finn Oldervik har vore ansvarleg for kvalitetssikringa.

Vi takkar oppdragsgjevaren for tilsendt informasjon. Vidare vert grunneigarane på dei ulike lokalitetane takka for velviljug å stille opp både for å visa lokalitetane, og for å kome med verdfulle historiske opplysningar knytt til dei ulike lokalitetane. Også leiar av Stiftinga Seve-rinbrauta, Kirsti Indreeide vert takka for velvilje og opplysningar i samband med vitjinga vår der.

Aure/Rissa 01.04.2016

**FINN OLDERVIK      SOLFRID HELENE LIEN LANGMO**

## INNHALD


<b>1</b>	<b>BAKGRUNN .....</b>	<b>5</b>
<b>2</b>	<b>DEI ULIKE LOKALITETANE.....</b>	<b>5</b>
<b>3</b>	<b>UNDERSØKINGANE.....</b>	<b>5</b>
<b>4</b>	<b>OPPSUMMERING .....</b>	<b>6</b>
<b>5</b>	<b>LOKALITETSSKILDRINGAR.....</b>	<b>8</b>
	<b>SUNNMØRE .....</b>	<b>8</b>
	Lok nr. 1. Vesterås; Litjegjerdet.....	8
	Lok nr. 2. Vesterås; Bruateingen, Småbakksenden, Litjebakken og Øvste Starreiten. ....	10
	Lok nr. 3. Vesterås; Trekanten .....	12
	Lok nr. 4. Vesterås; Gardskroken, Almene og Trekanten .....	14
	Lok nr. 5. Severinbrauta.....	16
	Lok nr. 6. Muriås; Storåkeren .....	19
	<b>NORDMØRE.....</b>	<b>21</b>
	Lok nr. 7. Bergset .....	21
	Lok nr. 8. Lykkjeliin .....	24
	Lok nr. 9. Tjønnerberget.....	26
	<b>ROMSDAL .....</b>	<b>29</b>
	Lok nr. 10. Kvalsnes.....	29
	Lok nr. 11. Åsledbakken aust.....	31
<b>6</b>	<b>LITTERATUR .....</b>	<b>33</b>
	<b>VEDLEGG 1 FULLE ARTSLISTER FRÅ REGISTRERINGANE I JULI 2015. ....</b>	<b>34</b>

## BAKGRUNN

På oppdrag for Fylkesmannen i Møre og Romsdal er 13 lokalitetar spreidd i Møre og Romsdal fylke undersøkt for å finna ut om lokalitetane stettar krava til den utvalde naturtypen slåttemark med verdi B – Viktig, eller A – Svært viktig. Dei fleste av desse er melde inn av grunneigarane, men nokre også av andre.

## DEI ULIKE LOKALITETANE

Dei lokalitetane som skulle undersøkast i dette oppdraget ligg spreidd i fylket. På Sunnmøre er det tale om fire lokalitetar på Vesterås i Geiranger, ein på Severinbrauta i Eidsdalen og ein på Muriås i Valldal. I Romsdal vart tre lokalitetar undersøkt; ein på Kvalsnes i Fræna, ein på Vi-kebukta i Vestnes og ein ved Nordhaugan på Kleive i Molde. På Nordmøre er det tale om fire lokalitetar; ein på Tjønnerget i Surnadal, to på Fjellgardan og ein på Hafsåsen i Sunndal.



Figur 2. Kartet viser plasseringa av dei ulike lokalitetane. Kartet er utarbeidd i QGIS.

## UNDERSØKINGANE


Alle lokalitetane vart oppsøkt og undersøkt første halvdel av juli 2015. På fleire av dei var det også med lokalkjende ved kartlegginga. Desse kom med nyttig informasjon som seinare letta arbeidet med lokalitetsskilddingane. Karplantefloraen vart via størst merksemd ved undersøkingane, men også andre organismegrupper, slik som ymse småkryp inkl. sommarfuglar, sopp, mosar, lav og fugl m.m. vart registrert i den grad ein observerte noko av interesse. Ein reknar med at undersøkingane vart utført litt for tidleg til å kunne fange opp fungaen skikkeleg, og eventuelle førekomstar av beitemarksopp er vurdert ut frå potensiale slik vi reknar det, samt ut frå tidlegare funn i områda rundt lokalitetane. GPS vart nytta for nøyaktig stadfesting av

interessante funn. Artslister vil etter kvart bli lagt inn i Artsobservasjonar slik at dei kjem fram på Artskart.

## OPPSUMMERING

Av dei opphavlege 13 innmeldte lokalitetane, var det 11 som stetta kravet til slåttemark av A- eller B-verdi. Ut frå tilstanden i dag fekk alle desse verdien; Viktig – B, men fleire av dei har berre svak B-verdi, for det meste grunna manglande skjøtsel eller meir eller mindre tydeleg spor etter tidlegare gjødsling. Dei aller fleste av dei registrerte lokalitetane er i dag skjøtta ved slått. Unntaket er lokaliteten i Lykkjeliin i Sunndal, der slåttan ligg nokre år tilbake i tid. Fleire av dei, som mellom anna lokalitetane Kvalsnes i Fræna og Åslebakken aust i Vestnes er slått med traktor og fôrhaustar. Felles for alle dei registrerte lokalitetane er at det har vore brukt svært lite eller inkje av kunstgjødsel, samt at jordpåverknad som til dømes pløying ligg langt attende i tid. Dei fleste har nok helst likevel vore gjødsla litt med husdyrgjødsel tidlegare. På fleire av lokalitetane veks det ein god del hundegras, slik som mellom anna på Severinbrauta i Eidsdalen og lokalitetane på Vesterås i Geiranger. Truleg er dette eit resultat av attgroing eller oppgjødsling med husdyrgjødsel, snarare enn pløying og tilsåing. Lokalitetane i Romsdal (Kvalsnes og Åslebakken), samt Tjønnerget på Nordmøre, ligg i intensivt drive jordbruksbygder med få liknande lokalitetar. Elles ligg alle lokalitetane i kulturlandskap der det er registrert liknande lokalitetar tidlegare; både nasjonalt og regionalt viktige lokalitetar.

**Dei som ikkje nådde opp.** Dei to siste undersøkte områda ved Lykkjån i Svisdal (i Sunndal kommune) og ved Nordhaugan på Kleive i Molde kommune, verka å vere for oppgjødsla til å kunne registrerast som slåttemark. På Kleive vart alt graset i fjor liggjande etter slåttan (Ole Ytterhaug pers. Meld.), og hundegraset stod tett og var svært høgt, stadvis over 1,5 m. Om slåttan her held fram som før, bør denne lokaliteten undersøkast på nytt om nokre år for å sjå om gjødselverknadane av dette har minka. På Lykkjån i Svisdal, fekk ein opplysningar av tidlegare grunneigar at det hadde vore drive ordinær jordbruksdrift inntil for om lag 15 år sidan (Torleif Svisdal pers. meld.). Her var det også rimeleg klare spor etter jordarbeiding (tilsådd åker) og gjødsling med mellom anna mykje engsyre og bakkesoleie i engene.



**Figur 3. Høgvakse hundegras på Kleive i Molde. Det finst likevel mindre område med anna og meir spanande artsmangfald også på denne lokaliteten. (Foto: Bioreg AS ©).**

Tabellen under viser ei oppsummering av resultatata frå registreringane sumaren 2015.

**Tabell 1. Oversikt over dei underøkte lokalitetane, både dei som vart registrert som slåttemark, og dei som ein ikkje fann at stetta krava til slåttemark. Grunnen til at eit par av lokalitetane på Vesterås har så lange namn, er at dei omfattar fleire teigar, og også har fleire grunneigarar.**

KOMMUNE	ID	LOKALITET	NATURTYPE	VERDI
SUNNMØRE				
Stranda	1	Vesterås; Litjegjerdet	Slåttemark	B
Stranda	2	Vesterås; Bruateigen, Småbakkssenden, Litjebakken og Øvste Starreiten	Slåttemark	B
Stranda	3	Vesterås; Trekanten	Slåttemark	B
Stranda	4	Vesterås; Gardskroken, Almene og Trekanten	Slåttemark	B
Norrdal	5	Severinbrauta	Slåttemark	B
Norrdal	6	Muriås; Storåkeren	Slåttemark	B
NORDMØRE				
Sunndal	7	Bergset	Slåttemark	B
Sunndal	8	Lykkjeliin	Slåttemark	B
Surnadal	9	Tjønnberget	Slåttemark	B
Sunndal		Lykkjån	-	-
ROMSDAL				
Fræna	10	Kvalsnes	Slåttemark	B
Vestnes	11	Åsledbakken aust	Slåttemark	B
Molde		Nordhaugan på Kleive	-	-

## LOKALITETSSKILDNINGAR

På dei neste sidene fylgjer lokalitetsskildringar for dei lokalitetane som er registrerte som slåttemark. Oppsett og skildring er basert på nyaste versjon av faktaarka frå DN Handbok 13, publisert på Miljødirektoratet sine heimesider i juli 2015.

### SUNNMØRE

#### Lok nr. 1. Vesterås; Litjegjerdet. Verdi; Viktig – B.

Stranda kommune i Møre og Romsdal  
Naturbase-nummer: NY  
UTM EUREF89 32V N 6886689 A 407328  
Areal: 0,3 daa

#### Naturtyperegistreringar:

**Naturtype:** Slåttemark 100 %.

**Utforming:** Fattig slåtteeng (100 %)

**Vernestatus:** Lokaliteten ligg innanfor Geiranger og Herdalen Landskapsvernområde

**Feltsjekk:** 08.07.15 av Solfrid Helene Lien Langmo.

**Avgrensingspresisjon:** < 5 meter. Måle metode: Avgrensa etter flyfoto og bruk av GPS.

**Innleiing:** Lokalitetsskildringa er utarbeidd av Solfrid Helene Lien Langmo, Bioreg AS, basert på eige feltarbeid 08.07.2015 utført i samband med kartlegging av utvalde naturtypar på oppdrag for Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Lokaliteten er ikkje tidlegare undersøkt, men vart meldt inn som potensiell slåttemark av Maud Grøtta i Landbruk Nordvest, i samband med utarbeiding av skjøtselsplaner på fleire nærliggjande lokalitetar på Vesterås. Grunneigarane på Vesterås, Oddvin og Arnfinn Westerås var begge med på undersøkingane. Lokaliteten ligg innanfor Geiranger og Herdalen landskapsvernområde.

**Lokalisering og naturgrunnlag:** Lokaliteten ligg øvst på innmarka ovanfor Vesterås i Stranda kommune, og består av ei lita eng for det meste avgrensa av ungskog. I sør heng den så vidt saman med innmarka. Berggrunnen består av gneis (ikkje inndelt). Lausmassane består for det meste av tynne morenemassar. Området ligg i sørboreal (SB) vegetasjonssone, og på grensa mellom svakt oseanisk vegetasjonsseksjon (O1), og overgangsseksjon mellom oseaniske og kontinentale vegetasjonsseksjonar (OC).

**Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:** Lokaliteten er avgrensa som naturtypen slåttemark av utforminga fattig slåtteeng (100 %). Etter NiN er lokaliteten å rekne som seminaturleg eng (T 32). Naturtypen kulturmarkseng der slåttemark er inkludert er vurdert som Sårbar - VU i Norsk raudliste for naturtypar fra 2011, medan slåtteeng i seg sjølv er vurdert som sterkt truga - EN. Dette er også ein utvalt naturtype etter naturmangfaldlova

**Artsmangfald:** Rundt lokaliteten står skogen tett, og denne består for det meste av ung bjørk og ein del osp, særleg ned mot elva. I enga dominerer artar som blåklokke, finnskjegg, gulaks, raudsvingel og tiriltunge, i tillegg til mellom anna bakkefrytle, blåkoll, harerug, lækjeveronika, markjordbær, raudkløver, raudknapp, ryllik, skogstorkenebb og smalkjempe. Ned mot skogen der skuggeverknadane er størst, er artsmangfaldet noko mindre. Her finst likevel artar som bleikstorr, glattmarikåpe, gråstorr, harerug, kvitbladtistel og sumpmaure i tillegg til meir spreidde innslag av fleire av dei nemnde artane. Opp mot skogen i overkant av lokaliteten aukar innslaget av bregnar som skogburkne og hengeveng. Mosedekket er godt på det meste av lokaliteten. Ein reknar med at det er et visst potensielle for beitemarksopp her.

**Bruk, tilstand og påverknad:** Gamle flyfoto frå området viser at lia ovanfor Vesterås tidlegare var mykje meir opa enn det den er i dag, dette grunna mykje høgare beitetrykk tidlegare. Særleg dei sørlegaste og flataste delane av lokaliteten, er skuggepåverka grunna ospetrea rundt denne delen av lokaliteten. I lia nord og aust for lokaliteten er det rydda ein del skog i løpet av dei seinare åra. Her er slåtteskjøtselen delvis teke opp att, og ein må rekne med at også desse områda etter kvart kan reknast som slåttemark. Her har det i fylgje Arnfinn Westerås (pers. meld) stått ein del unge bjørketre, om lag 10-15 år gamle. Eit gjerde deler i dag lokaliteten i to. Sør for gjerdet er området skjøtta ved slått, og nord for gjerdet beiter sau heile sesongen.

**Framande artar:** Ingen registrerte.

**Del av heilskapleg landskap:** Lokaliteten utgjer ein del av det godt bevarte og svært verdfulle kulturlandskapet på Vesterås og Hole. Mange av engene her er framleis skjøtta med slått i tillegg til beite. Ein del av engene er pløygde, og mykje av arealet har meir eller mindre spor etter gjødsling. Innimellom finst godt bevarte tørrenger saman med kulturelement som rydningsrøyser, steingardar, bakkemurar og styvingtre. Mange av dei tilsvarande kulturlandskapa i området er meir eller mindre attgrodd. Eksempel på slike er områda rundt Møll/Grande og hyllegardane utover i fjorden.



**Skjøtsel og omsyn:** Sein slått og bakketurking av avlinga er naudsynt for å ta vare på det biologiske mangfaldet innanfor lokaliteten. I tillegg må skogen i sør og vest tynnast noko, og skogen i aust og nord må hindrast i å spreie seg inn på lokaliteten. Lokaliteten må ikkje pløyast, grøftast, sprøytast eller gjødslast. Det må vurderast kor vidt gjerdet som i dag deler lokaliteten i to skal flyttast noko mot nord/aust for å kunne kontrollere beitetrykket i sommarsesongen.

**Verdivurdering:** Ut frå faktaark for slåttemark frå juni 2015 oppnår lokaliteten låg vekt for areal (om lag 0,3 daa), typevariasjon, raudlistearter og artsmangfald. Den oppnår elles høg vekt for påverknad og tilstand ut ifrå bruken av arealet. Den oppnår også høg vekt på landskapsøkologi ut i frå at den ligg i eit svært verdfullt område med mange liknande lokalitetar. Ut frå dette oppnår lokaliteten verdien; Viktig – B. Verdien er riktig nok svak grunna attgroinga i kantane av lokaliteten, samt at delar av den i dag er skjøtta ved beite. Den delen som er skjøtta med beite har likevel svært godt restaureringspotensiale som slåttemark, samt at skogrydding og restaurering allereie er i gang, og verdien vil utvilsamt auke no som slåtteskjøtselen også på denne delen vert teke opp att.



**Figur 4.** Eit gjerde deler lokaliteten i to. Som ein ser er det eit lite parti også utanfor gjerdet som har svært flat og fin struktur og som er inkludert i lokaliteten. Det er liten skilnad på artssamansetninga utanfor og innanfor gjerdet. Legg merke til den tette ospeskogen ned mot elva. (Foto: Bioreg AS ©).

**Lok nr. 2. Vesterås; Bruateigen, Småbakksenden, Litjebakken og Øvste Starreiten.****Verdi: Viktig - B.**

Stranda kommune i Møre og Romsdal

Naturbase-nummer: NY

UTM EUREF89 32V N 6886689 A 407328

Areal: 2,5 daa

**Naturtyperegistreringar:**

**Naturtype:** Slåttemark 100 %.

**Utforming:** Fattig slåtteeeng (60 %), fattig slåttetørreng (40 %).

**Vernestatus:** Lokaliteten ligg innanfor Geiranger og Herdalen Landskapsvernområde

**Feltsjekk:** 08.07.15 av Solfrid Helene Lien Langmo.

**Avgreningspresisjon:** < 5 meter. Målemetode: Avgrensa etter flyfoto og bruk av GPS.

**Innleiing:** Lokalitetsskildringa er utarbeidd av Solfrid Helene Lien Langmo, Biereg AS, basert på eige feltarbeid 08.07.2015 utført i samband med kartlegging av utvalde naturtypar på oppdrag for Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Lokaliteten er ikkje tidlegare undersøkt, men vart meldt inn som potensiell slåttemark av Maud Grøtta i Landbruk Nordvest, i samband med utarbeiding av skjøtselsplaner på fleire nærliggjande lokalitetar på Vesterås. Grunneigarane på Vesterås, Oddvin og Arnfinn Westerås var begge med på undersøkingane. Lokaliteten ligg innanfor Geiranger og Herdalen landskapsvernområde. Grunnen til det lange namnet på lokaliteten, er at den strekkjer seg over fleire ulike teigar.

**Lokalisering og naturgrunnlag:** Lokaliteten ligg like ovanfor vegen som går til Vesterås, og består av ei lita eng for det meste avgrensa av meir oppgjødsla og jordarbeidd areal. Delvis er enga grunnlendt, og stadvis finst også litt berg i dagen. Innimellom finst areal med djupare jord. Berggrunnen består av gneis (ikkje inndelt). Lausmassane består for det meste av tynne morenemassar. Området ligg i sørboreal (SB) vegetasjonssone, og på grensa mellom svakt oseanisk vegetasjonsseksjon (O1), og overgangsseksjon mellom oseaniske og kontinentale vegetasjonsseksjonar (OC).

**Naturtypar,** utformingar og vegetasjonstypar: Lokaliteten er avgrensa som naturtypen slåttemark av utformingane fattig slåtteeeng (60 %) og fattig slåttetørreng (40 %). Det meste av lokaliteten er likevel å rekne som intermediære slåtteeenger, og særleg gjeld dette dei grunnlendte partia. Elles finst også fragment av fattig slåttefukteng i aust, samt i samband med eit kjeldeframspring i øvre delar av lokaliteten. Etter NiN er lokaliteten å rekne som seminaturleg eng (T 32). Naturtypen kulturmarkseng der slåttemark er inkludert er vurdert som Sårbar - VU i Norsk raudliste for naturtypar fra 2011, medan slåtteeeng i seg sjølv er vurdert som sterkt truga - EN. Dette er også ein utvalt naturtype etter naturmangfaldlova.

**Artsmangfald:** Rundt lokaliteten finst for det aller meste meir oppgjødsla enger dominert av mellom anna hundegras. I enga dominerer artar som engkvein, gulaks, raudkløver, raudknapp, raudsvingel, ryllik og småengkall. Elles finst mellom anna blåklukke, blåkoll, engsmelle, firkantperikum, harestorr, kvann, kvitbladtistel, kvitmaure og stormaure. I område med djupare jord finst i tillegg noko englodnegras, engreverumpe, hundegras, og hundekjeks. I turrare parti veks også bitterbergknapp, fjellmarikåpe, gulmaure, lintorskemunn, markjordbær, småsmelle, tepperot, tiriltunge, vill-lauk og åkerstemor. I den vesle kjelda øvst i lokaliteten finst mykje kjeldemosar saman med ryllsiv og bekkeblom. I tillegg finst nokre einerbuskar og eit par rosekratt i busksjiktet. Mosedekket er godt der graset ikkje er for tjukt. Ein reknar elles med at det er et visst potensiale for beitemarksopp her.

**Bruk, tilstand og påverknad:** Lokaliteten er i dag skjøtta ved slått, og gamle flyfoto frå området viser at lokaliteten også tidlegare har vore nytta som slåttemark. Også artssamansetninga og strukturen i marka vitnar om slåtte-skjøtsel over lang tid. I og med at denne lokaliteten er noko meir grunnlendt enn ein del av dei omkringliggjande areala, er meir av det opphavlege artsmangfaldet teke vare på. Dette grunna det noko skrinne jordsmonnet, samt at desse områda i mindre grad har vore jordarbeidd og tilsådd enn dei partia som har djupare jordsmonn. Truleg har også noko av den vore jordarbeidd, men dette ligg lenger tilbake i tid. Delar av lokaliteten har difor noko preg av å vere gamaleng, men er inkludert av arronderingsmessige årsakar.

**Framande artar:** Ingen registrerte.

**Del av heilskapleg landskap:** Lokaliteten utgjer ein del av det godt bevarte og svært verdfulle kulturlandskapet på Vesterås og Hole. Mange av engene her er framleis skjøtta med slått i tillegg til beite. Ein del av engene er pløygd, og mykje av arealet har meir eller mindre spor etter gjødsling. Innimellom finst godt bevarte tørrenger saman med kulturelement som rydningsrøyser, steingardar, bakkemurar og styvingtre. Mange av dei tilsvarande kulturlandskapa i området er meir eller mindre attgrodd. Eksempel på slike er områda rundt Møll/Grande og hyllegardane utover i fjorden.

**Skjøtsel og omsyn:** Sein slått og bakketurking av avlinga er naudsynt for å ta vare på det biologiske mangfaldet innanfor lokaliteten. Kor vidt dei turraste partia skal slåast kvart år, er noko usikkert. Lokaliteten må ikkje pløyast, grøftast, sprøytast eller gjødslast. Det må heller ikkje gjerast inngrep i lokaliteten i samband med eventuelle utbetringar av vegen nedanfor lokaliteten.

**Verdivurdering:** Ut frå faktaark for slåttemark frå juni 2015 oppnår lokaliteten høg vekt for areal (om lag 2,5 daa), middels vekt for typevariasjon og låg vekt for raudlistearter og artsmangfald. Den oppnår elles høg vekt på

påverknad og tilstand ut ifrå bruken av arealet. Den oppnår også høg vekt på landskapsøkologi ut i frå at den ligg i eit svært verdfullt område med mange liknande lokalitetar. Ut frå dette oppnår lokaliteten verdien; Viktig – B. Verdien er likevel noko svak grunna spora etter gjødsling, men vil auke med riktig skjøtsel.



**Figur 5. Lokaliteten sett frå vest mot aust. Som ein ser varierer djupna på jordsmonnet mykje her. (Foto: Bioreg AS ©).**

**Lok nr. 3. Vesterås; Trekanten. Verdi: Viktig - B.**

Stranda kommune i Møre og Romsdal

Naturbase-nummer: NY

UTM EUREF89 32V N 6886639 A 407035

Areal: 0,3 daa

**Naturtyperegistreringar:**

**Naturtype:** Slåttemark 100 %.

**Utforming:** Fattig slåtteeeng (80 %) og fattig slåttetørreng (20 %).

**Vernestatus:** Lokaliteten ligg innanfor Geiranger og Herdalen Landskapsvernområde

**Feltsjekk:** 08.07.15 av Solfrid Helene Lien Langmo.

**Avgreningspresisjon:** < 5 meter. Målemetode: Avgrensa etter flyfoto og bruk av GPS.

**Innleiing:** Lokalitetsskildringa er utarbeidd av Solfrid Helene Lien Langmo, Bioreg AS, basert på eige feltarbeid 08.07.2015 i samband med kartlegging av utvalde naturtypar på oppdrag for Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Lokaliteten er ikkje tidlegare undersøkt, men vart meldt inn som potensiell slåttemark av Maud Grøtta i Landbruk Nordvest, i samband med utarbeiding av skjøtselsplaner på fleire nærliggjande lokalitetar på Vesterås. Grunneigarane på Vesterås, Oddvin og Arnfinn Westerås var begge med på undersøkingane. Lokaliteten ligg innanfor Geiranger og Herdalen landskapsvernområde. At det finst to teigar på Vesterås som heiter Trekanten, skuldast at desse tilhøyrrer to ulike bruk.

**Lokalisering og naturgrunnlag:** Lokaliteten ligg like ovanfor vegen som går til Vesterås, og består av ei lita eng for det meste avgrensa av meir oppgjødsla og jordarbeidd areal og vegar. Delvis er enga grunnlendt, og stadvis finst også litt berg i dagen. Innimellom finst areal med djupare jord. Berggrunnen består av gneis (ikkje inndelt). Lausmassane består for det meste av tynne morenemassar. Området ligg i sørboreal (SB) vegetasjonssone, og på grensa mellom svakt oseanisk vegetasjonsseksjon (O1), og overgangsseksjon mellom oseaniske og kontinentale vegetasjonsseksjonar (OC).

**Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:** Lokaliteten er avgrensa som naturtypen slåttemark av utformingane fattig slåtteeeng (80 %) og fattig slåttetørreng (20 %). Det meste av lokaliteten er likevel å rekne som intermediær slåtteeeng, og særleg gjeld dette dei grunnlendte partia. Etter NiN er lokaliteten å rekne som seminaturleg eng (T 32). Naturtypen kulturmarkseng der slåttemark er inkludert er vurdert som; Sårbar - VU i Norsk raudliste for naturtypar fra 2011, medan slåtteeeng i seg sjølv er vurdert som; Sterkt truga - EN. Dette er også ein utvalt naturtype etter naturmangfaldlova

**Artsmangfald:** Rundt lokaliteten finst for det aller meste meir oppgjødsla enger dominert av mellom anna hundegras. Innanfor lokaliteten finst og mykje av artar som; engkvein, gulaks, raudknapp og ryllik. Av andre artar kan nemnast; blåklukke, engsmelle, fuglevikke, gjerdevikke, harestorr, kvitkløver, raudkløver og skarmarikåpe. I tur-rare parti langs murane finst i tillegg bitterbergknapp, gulmaure, humle (i muren), småsmelle, stankstorkenebb og sølvzure. Stadvis ber også denne enga preg av noko oppgjødsling med artar som hundegras og engreverumpe. Mosedekket er godt der graset ikkje er for tjukt. Ein reknar elles med at det er et visst potensiale for beitemarksopp her.

Innanfor lokaliteten står to store, styva almetre (VU). Det eine av desse var i fylgje Arnfinn Westerås sist styva for fire år sidan.

**Bruk, tilstand og påverknad:** Lokaliteten er i dag skjøtta ved slått, og gamle flyfoto frå området viser at lokaliteten også tidlegare har vore nytta på same måten. Også artssamansetninga og strukturen i marka vitnar om slåtte-skjøtsel over lang tid. I og med at denne lokaliteten er noko meir grunnlendt enn ein del av dei omkringliggjande areala, er meir av det opphavlege artsmangfaldet teke vare på. Dette grunna det noko skrinne jordsmonnet, samt at desse områda i mindre grad har vore jordarbeidd og tilsådd enn dei partia som har djupare jordsmonn. Det er likevel svake spor etter gjødsling innanfor mykje av lokaliteten. Truleg har også noko av den vore jordarbeidd, men dette ligg lenger tilbake i tid. Delar av lokaliteten har difor meir preg av å vere gamaleng, men er inkludert av arronderingsmessige årsakar.

**Framande artar:** Ingen registrerte.

**Del av heilskapleg landskap:** Lokaliteten utgjer ein del av det godt bevarte og svært verdfulle kulturlandskapet på Vesterås og Hole. Mange av engene her er framleis skjøtta med slått i tillegg til beite. Ein del av engene er pløygd, og mykje av arealet har meir eller mindre spor etter gjødsling. Innimellom finst godt bevarte tørrenger saman med kulturelement som rydningsrøyser, steingardar, bakkemurar og styvingtre. Mange av dei tilsvarande kulturlandskapa i området er meir eller mindre attgrodd. Eksempel på slike er områda rundt Møll/Grande og hyllegardane utover i fjorden.

**Skjøtsel og omsyn:** Sein slått og bakketurking av avlinga er naudsynt for å ta vare på det biologiske mangfaldet innanfor lokaliteten. Lokaliteten må ikkje pløyast, grøftast, sprøytast eller gjødslast. Det må heller ikkje gjerast inngrep i lokaliteten i samband med eventuelle utbetringar av vegen nedanfor lokaliteten. Grunna spora etter gjødsling her, er det veldig viktig at arealet vert slått kvart år. Også styvinga av almene må oppretthaldast om ikkje skuggeverknadane på slåtteeenga under skal verte for stor. Slike tre er også svært verdfulle for mange artar frå

mange ulike organismegrupper som til dømes insekt, lav og sopp, samt at dei utgjer verdfulle element i kulturlandskapet.

**Verdivurdering:** Ut frå faktaark for slåttemark frå juni 2015 oppnår lokaliteten låg vekt for areal (om lag 0,3 daa), middels vekt for typevariasjon grunna førekomstane av tørreng, og låg vekt for raudlistearter og artsmangfald. Den oppnår elles høg vekt på påverknad og tilstand ut ifrå bruken av arealet. Den oppnår også høg vekt på landskapsøkologi ut i frå at den ligg i eit svært verdfullt område med mange liknande lokalitetar. Ut frå dette oppnår lokaliteten verdien; Viktig – B, med moglegheit for auke av verdien om skjøtselen vert oppretthalden. Verdien er likevel noko svak grunna spora etter gjødsling, men vil auke med riktig skjøtsel.



Figur 6. Lokaliteten strekkjer seg mellom almetrea i biletet. (Foto: Bioreg as ©).

**Lok nr. 4. Vesterås; Gardskroken, Almene og Trekanten. Verdi: Viktig - B.**

Stranda kommune i Møre og Romsdal

Naturbase-nummer: NY

UTM EUREF89 32V N 6886633 A 407107

Areal: 1,3 daa

**Naturtyperegistreringar:**

**Naturtype:** Slåttemark 100 %.

**Utforming:** Fattig slåtteeng (70 %) og fattig slåttetørreng (30 %).

**Vernestatus:** Lokaliteten ligg innanfor Geiranger og Herdalen Landskapsvernområde

**Feltsjekk:** 08.07.15 av Solfrid Helene Lien Langmo.

**Avgreningspresisjon:** < 5 meter. Målemetode: Avgrensa etter flyfoto og bruk av GPS.

**Innleiing:** Lokalitetsskildringa er utarbeidd av Solfrid Helene Lien Langmo, Bioreg AS, basert på eige feltarbeid 08.07.2015 i samband med kartlegging av utvalde naturtypar på oppdrag for Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Lokaliteten er ikkje tidlegare undersøkt, men vart meldt inn som potensiell slåttemark av Maud Grøtta i Landbruk Nordvest, i samband med utarbeiding av skjøtselsplaner på fleire nærliggjande lokalitetar på Vesterås. Grunneigarane på Vesterås, Oddvin og Arnfinn Westerås var begge med på undersøkingane. Lokaliteten ligg innanfor Geiranger og Herdalen landskapsvernområde. Grunnen til det lange namnet på lokaliteten, er at den strekkjer seg over fleire teigar. At det finst to teigar på Vesterås som heiter Trekanten, skuldast at desse tilhøyrer to ulike bruk. **Lokalisering og naturgrunnlag:** Lokaliteten ligg litt ovanfor vegen som går til Vesterås, og består av ei lita eng for det meste avgrensa av meir gjødsla og jordarbeidde areal og vegar. Delvis er enga grunnlendt, og stadvis finst også ein del store steinar og berg i dagen. Innimellom finst areal med djupare jord. Berggrunnen består av gneis (ikkje inndelt). Lausmassane består for det meste av tynne morenemassar. Området ligg i sørboreal (SB) vegetasjonssone, og på grensa mellom svakt oseanisk vegetasjonsseksjon (O1), og overgangsseksjon mellom oseaniske og kontinentale vegetasjonsseksjonar (OC).

**Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:** Lokaliteten er avgrensa som naturtypen slåttemark av utforminga fattig slåtteeng (70 %) og fattig slåttetørreng (30 %). Det meste av lokaliteten er likevel å rekne som intermediær slåtteeng og særleg gjeld dette dei grunnlendte partia. Etter NiN er lokaliteten å rekne som seminaturleg eng (T 32). Naturtypen kulturmarkseng der slåttemark er inkludert er vurdert som Sårbar - VU i Norsk raudliste for naturtypar frå 2011, medan slåtteeng i seg sjølv er vurdert som sterkt truga - EN. Dette er også ein utvalt naturtype etter naturmangfaldlova

**Artsmangfald:** Rundt lokaliteten finst for det aller meste meir oppgjødsla enger dominert av mellom anna hundegras. Innanfor lokaliteten dominerer artar som engkvein, gulaks, raudknapp og ryllik. Elles finst mellom anna blåklokke, blåkoll, engsmelle, firkantperikum, harestorr, kvann, kvitbladtistel, kvitmaure, småengkall, stormaure og tepperot. I område med djupare jord finst i tillegg noko englodnegras, engreverumpe, hundegras og hundekjeks. I turrare parti veks også bitterbergknapp, fjellmarikåpe, gulmaure, lintorskemunn, markjordbær, småsmelle, tiriltunge, vill-lauk og åkerstemor. Mosedekket er godt der graset ikkje er for tjukt. Ein reknar elles med at det er et visst potensiale for beitemarksopp her. Langs den vestre kanten av lokaliteten står fleire almetre (VU). I alle fall eitt av desse ber preg av hausting sjølv om denne form for skjøtsel ligg noko lenger attende i tid.

**Bruk, tilstand og påverknad:** Lokaliteten er i dag skjøtta ved slått, og gamle flyfoto frå området viser at lokaliteten også tidlegare har vore nytta på denne måten. Også artssamansetninga og strukturen i marka vitnar om slåtteskjøtsel over lang tid. I og med at denne lokaliteten er noko meir grunnlendt enn ein del av dei omkringliggjande areala, er meir av det opphavlege artsmangfaldet til stades. Dette grunna det noko skrinne jordsmonnet, samt at desse områda i mindre grad har vore jordarbeidd og tilsådd enn dei partia som har djupare jordsmonn. Det er likevel svake spor etter gjødsling innanfor mykje av lokaliteten. Truleg har også noko av den vore jordarbeidd, men dette ligg lenger attende i tid. Delar av lokaliteten har slik noko preg av å vere gamaleng, men er inkludert av arronderings-messige årsakar.

**Framande artar:** Gran


**Del av heilskapleg landskap:** Lokaliteten utgjer ein del av det godt bevarte og svært verdfulle kulturlandskapet på Vesterås og Hole. Mange av engene her er framleis skjøtta med slått i tillegg til beite. Ein del av engene er pløygde, og mykje av arealet har meir eller mindre spor etter gjødsling. Innimellom finst godt bevarte tørrenger saman med kulturelement som rydningsrøyser, steingardar, bakkemurar og styvingtre. Mange av dei tilsvarande kulturlandskapa i området er meir eller mindre attgrodd. Eksempel på slike er områda rundt Møll/Grande og hyllegardane utover i fjorden.

**Skjøtsel og omsyn:** Sein slått og bakketurking av avlinga er tilstrekkeleg for å ta vare på det biologiske mangfaldet innanfor lokaliteten. Lokaliteten må ikkje pløyast, grøftast, sprøytast eller gjødslast. Grunna spora etter gjødsling, er det veldig viktig at arealet vert slått kvart år. Ein kan også vurdere oppattaking/ oppstart av styving av almetrea innanfor lokaliteten. Dette vil både vere fint supplement til kulturlandskapet på Vesterås, og det vil bidra til å redusere skuggeverknadane av trea på slåtteenga under. I tillegg vil det etter kvart utvikla seg grov sprekkebark på trea, noko vi veit vil verta eit viktig substrat for ulike knappenålslav og ulike andre lavartar. Også mange artar frå andre artsgrupper, til dømes insekt og sopp, er knytt til slike styvingstre.

**Verdivurdering:** Ut frå faktaark for slåttemark frå juni 2015 oppnår lokaliteten høg vekt for areal (om lag 1,3 daa), låg vekt for typevariasjon, raudlistearter og artsmangfald. Den oppnår elles høg vekt på påverknad og tilstand ut ifrå bruken av arealet. Den oppnår også høg vekt på landskapsøkologi ut i frå at den ligg i eit svært verdfullt område med mange liknande lokalitetar. Ut frå dette oppnår lokaliteten verdien; Viktig – B, med moglegheit for auke av verdien om skjøtselen vert oppretthalden. Verdien er likevel noko svak grunna spora etter gjødsling, men vil auke med riktig skjøtsel.



Figur 7. Det meste av mangfaldet innanfor lokaliteten er knytt til dei turraste partia. (Foto: Bioreg AS ©).



Figur 8. Kartet viser alle dei fire registrerte lokalitetane på Vesterås i dette prosjektet merka med grønt, og alle tidlegare registrerte lokalitetar i området merka med svak grøn skravur. Dei fleste av desse er slåttemarker. I tillegg er eigedomsgrensene og gards- og bruksnummer merka med raudt. Som ein ser er det fleire av dei registrerte lokalitetane som er eigd av fleire bruk. Kartet er utarbeidd i QGIS med ortofoto frå Norge Digitalt.

**Lok nr. 5. Severinbrauta. Verdi: Viktig - B.**

Norddal kommune i Møre og Romsdal

Naturbase-nummer: NY

UTM EUREF89 32V N 6886633 A 407107

Areal: 1,3 daa

**Naturtyperegistreringar:**

**Naturtype:** Slåttemark 100 %.

**Utforming:** Fattig slåtteeeng (100 %)

**Vernestatus:** Lokaliteten ligg innanfor Geiranger og Herdalen Landskapsvernområde

**Feltsjekk:** 07.07.15 av Solfrid Helene Lien Langmo.

**Avgreningspresisjon:** < 5 meter. Målemetode: Avgrensa etter flyfoto og bruk av GPS.

**Innleiing:** Lokalitetsskildringa er utarbeidd av Solfrid Helene Lien Langmo, Bioreg AS, basert på eige feltarbeid 07.07.2015 i samband med kartlegging av utvalde naturtypar på oppdrag for Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Lokaliteten er ikkje tidlegare undersøkt, men vart meldt inn som potensiell slåttemark av Stiftinga Severinbrauta (opprett i 1998) som no forvaltar plassen for Norddal kommune. Lokaliteten er tidlegare undersøkt av John Bjarne Jordal i samband med Supplerande kartlegging av naturtypar i kulturlandskapet i Norddal og Stranda (2009-2010). Den gongen vart ikkje lokaliteten registrert grunna at den verka å vere for oppgjødsla (Jordal, 2011). Ved undersøkingane i 2015 vart det klart at delar av engene no er å rekne som slåttemark. Lokaliteten ligg innanfor Geiranger og Herdalen landskapsvernområde, og plassen vart i 2013 freda av Riksantikvaren.

**Lokalisering og naturgrunnlag:** Lokaliteten ligg i Eidsdal i Norddal kommune, litt sør for garden Veiberg, og var etablert som husmannsplass under denne garden i 1870-åra. Den består av fleire bakkemurar nedover den bratte vestvende lia. Det er dei øvste terrassane som er inkludert i lokaliteten. Delvis er enga her noko meir grunnlett enn lenger nede. Berggrunnen består i fylgje berggrunnskartet av diorittisk til granittisk gneis, migmatitt. Lausmassane i området består for det meste av tjukke morenemassar og elveavsetningar. Området ligg i sørboreal (SB) vegetasjonssone, og på grensa mellom svakt oseanisk (O1) og klart oseanisk vegetasjonsseksjon (O2).

**Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:** Lokaliteten er avgrensa som naturtypen slåttemark av utforminga fattig slåtteeeng (100 %). Det kan også finnast fragment av tøyreng nær kantane av bakkemurane innanfor lokaliteten. Etter NiN er lokaliteten å rekne som seminaturleg eng (T 32). Naturtypen kulturmarkseng der slåttemark er inkludert er vurdert som Sårbar - VU i Norsk raudliste for naturtypar frå 2011, medan slåtteeeng i seg sjølv er vurdert som sterkt truga - EN. Dette er også ein utvalt naturtype etter naturmangfaldlova.

**Artsmangfald:** Innanfor lokaliteten dominerer artar som gulaks og sølvbunke, men på enkelte mindre område finst også ein del hundegras og litt engreverumpe. Elles kan ein nemna mellom anna bakkefrytle, bakkesoleie, bleikstarr, blåbær, blåklokke, blåkoll, bringebær, fjellmarikåpe, fuglevikke, gjerdevikke, hårsvæve, jonsokkoll, kvitbladtistel, lækjeveronika, myrtistel, prestekrage, raudkløver, raudknapp, raudsvingel, ryllik, skarmarikåpe, og tviskjeggveronika. På taket av huset veks mykje kveke.

I Artskart har John Bjarne Jordal i tillegg registrert mellom anna bakkerapp og fjellgulaks i Severinbrauta.

**Bruk, tilstand og påverknad:** Lokaliteten er i dag skjøtta ved slått, også det vi kjenner til av historikken viser at lokaliteten har vore nytta på denne måten sidan den vart etablert kring 1860, og kanskje også før den tid. Husdyra beita oppe i skogen ovanfor husa, medan resten av arealet var slåttemark. Bruket fødte 1-2 kyr og 2-3 lamsauer. Plassen hadde aldri hest. Den siste som dreiv Severinbrauta var Nelly Veiberg, ei dotter-dotter til ekteparet som tok opp plassen. Nelly var født i 1915 og døyde i 1995. Plassdrifta tok vel slutt kring 1990. Før den tid held Nelly det gåande med ei slags drift ved god hjelp av naboane. I åra etterpå var det beita noko på slåtteeengene her, men sidan ca 1999 har det vore slått her igjen.

Mykje av engene som høyrer til Severinbrauta ber tydeleg preg av gjødsling, og er som nemnd vurdert som restaureringsareal snarare enn slåttemark. Ein registrerte likevel eit område oppe ved husa der det let til at arts mangfaldet var meir intakt, og ein vurderte det slik at denne delen stetta krava til slåttemark. Også her finst spor etter gjødsling, men i noko mindre grad enn lenger ned i lia. Dei områda som har meir gjødselpreg her, er inkludert av arronderingsmessige årsakar. Her er også engartane meir spreidd utover engene i staden for å berre vere knytte til kantsonene slik dei i større grad er lenger nede.

**Framande artar:** Vårpengeurt, gran, løytnantshjarte, akeleie, ungarnsyryn, reinfann, storhjel, storkonvall, hagerips, stikkelsbær og hagelupin. Oppe ved husa er det også planta ein del frukttre. Desse er inngjerda. I kantane av lokaliteten er det planta fleire graner.

**Del av heilskapleg landskap:** Lokaliteten utgjer ein del av eit godt bevart kulturlandskap i Eidsdalen. Sjølv om mykje av jorda i dag er nytta til konvensjonell drift, finst framleis også fleire verdfulle kulturmarkslokalitetar, mellom anna ein større lokalitet med hagemark like sør for Severinbrauta, den einaste attverande einerhagen i Eidsdalen, ein naturtype som før var veldig vanleg her. Også nord for Severinbrauta ligg område med beitemarker og hagemarker, slik at det er naturleg å sjå lokaliteten i ein større samanheng.

**Skjøtsel og omsyn:** Sein slått og bakketurking av avlinga er naudsynt for å ta vare på det biologiske mangfaldet innanfor lokaliteten. Dette gjerne kombinert med at ein fjernar hundegraset rett etter slått. Lokaliteten må ikkje



pløyast, grøftast, sprøytast eller gjødslast. Grunna spora etter gjødsling, er det veldig viktig at arealet vert slått kvart år. Det er ein fordel med haustbeite av heile arealet i Severinbrauta.

**Verdivurdering:** Ut frå faktaark for slåttemark frå juni 2015 oppnår lokaliteten høg vekt for areal (om lag 1,3 daa), låg vekt for typevariasjon, raudlistearter og artsmangfald. Her er også potensialet for sjeldne og raudlista artar av beitemarksopp inkludert. Den oppnår elles høg vekt på påverknad og middels til høg vekt på tilstand. Den oppnår høg vekt for landskapsøkologi i og med at den ligg nær andre kulturmarkslokalitetar, samt at den inneheld mange verdfulle kulturelement som bakkemurar og rydningsrøyser. Ut frå dette oppnår lokaliteten verdien; Viktig – B, med moglegheit for auke av verdien om skjøtselen vert oppretthalden. Verdien er likevel svak grunna spora etter gjødsling, men vil auke med riktig skjøtsel. Ved restaurering av resten av Severinbrauta, vil også arealet med verdfull slåttemark auke med tida.



**Figur 9.** Lokaliteten består av den øvste av terrassane i Severinbrauta, saman med eit lite areal ovanfor husa. (Foto: Bioreg AS ©)



Figur 10. Like ovanfor husa finst eit lite område med mellom anna prestekragar, jonsokkoll og gulaks. (Foto: Bioreg AS ©)



Figur 11. Kartet viser lokaliteten merka med raud avgrensing og eigedomsgrensene for Severinbrauta med grøn strek. Resten av arealet sør for steinmuren mot hagemarka i nord, er å rekne som restaureringsareal.

**Lok nr. 6. Muriås; Storåkeren. Verdi: Viktig - B.**

Norrdal kommune i Møre og Romsdal

Naturbase-nummer: NY

UTM EUREF89 32V N 6901599 A 404066

Areal: 2,7 daa

**Naturtyperegistreringar:**

**Naturtype:** Slåttemark 100 %.

**Utforming:** Fattig slåtteeeng (100 %)

**Vernestatus:** Lokaliteten ligg innanfor Geiranger og Herdalen Landskapsvernområde

**Feltsjekk:** 10.07.15 av Solfrid Helene Lien Langmo.

**Avgrensingspresisjon:** < 5 meter. Måle metode: Avgrensa etter flyfoto og bruk av GPS.

**Innleiing:** Lokalitetsskildringa er utarbeidd av Solfrid Helene Lien Langmo, Bioreg AS, basert på eige feltarbeid 10.07.2015 i samband med kartlegging av utvalde naturtypar på oppdrag for Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Lokaliteten er ikkje tidlegare undersøkt, men vart meldt inn som potensiell slåttemark av grunneigaren. Den er svært lik tilsvarende lokalitetar i nærleiken som i løpet av dei seinare åra er registrert som slåttemark, og har fått utarbeidd skjøtselsplan.

**Lokalisering og naturgrunnlag:** Lokaliteten ligg på Muriås vest for Valldal i Norrdal kommune. Den består av ei slak søraustvendt frisk slåtteeeng avgrensa av vegar og skog på alle kantar. Berggrunnen består i fylgje berggrunnskartet av diorittisk til granittisk gneis, migmatitt og lausmassane av morenemassar. Området ligg i sørboreal (SB) vegetasjonssone, og på grensa mellom svakt oseanisk (O1) og klart oseanisk vegetasjonsseksjon (O2).

**Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:** Lokaliteten er avgrensa som naturtypen slåttemark av utforminga fattig slåtteeeng (100 %). Elles finst det mindre område med tørreng knytt til nokre meir grunnlendte parti innanfor lokaliteten. Etter NiN er lokaliteten å rekne som seminaturleg eng (T 32). Naturtypen kulturmarkseng der slåttemark er inkludert er vurdert som; Sårbar - VU i Norsk raudliste for naturtypar frå 2011, medan slåtteeeng i seg sjølv er vurdert som sterkt truga - EN. Dette er også ein utvalt naturtype etter naturmangfaldlova.

**Artsmangfald:** Innanfor lokaliteten dominerer artar som blåklukke, engkvein og gulaks. Stadvis finst også mykje firkantperikum, ryllik og tviskjeggveronika. Elles kan ein nemne artar som bakkefrytle, grov nattfiol, prestekrage, raudkløver, raudsvingel, skogstorkenebb, sølvbunke, tepperot og tiriltunge. Einskilde parti, særleg langs kantane og i den nedste delen av lokaliteten, har også ein del engrapp, hundegras, hundekjeks (berre nær kantane), nesler, skogburkne, skogsvinerot og vendelrot. Stadvis, og særleg i dei noko skinnare partia, reknar ein med at det er eit visst potensiale for raudlista artar av beitemarksopp.

**Bruk, tilstand og påverknad:** I det seinare har lokaliteten vore skjøtta med slått. Den nedste delen av enga ber preg av noko gjødsling, noko som i stor grad skuldast at graset frå enga har vore raka ned hit og vorte liggjande her (Ronny Torgersen pers. meld.). I og med at det spreidd finst artar som engreverumpe og hundegras kan det også delvis ha vore tilsådd, men dette ligg truleg langt tilbake. Artsmangfaldet er likevel jamt spreidd utover enga, og slåttemarksstrukturen er tydeleg. I løpet av dei siste par åra er det rydda ein del skog rundt lokaliteten, og dette er i fylgje Ronny Torgersen (pers.meld.) også gjort i vinter. I vinter er mellom anna mykje av platanlønna fjerna.

**Framande artar:** Platanlønn og nokre frukttre finst i kantane.

**Del av heilskapleg landskap:** Lokaliteten utgjer ein del av eit godt bevart kulturlandskap på Lingås/Muriås. Sjølv om mykje av jorda i dag er nytta til konvensjonell drift, finst framleis også fleire verdfulle kulturmarkslokalitetar nær det registrerte området, og som nemnt har fleire av desse fått utarbeidd skjøtselsplan dei seinare åra.

**Skjøtsel og omsyn:** Sein slått og bakketurking av avlinga er naudsynt for å ta vare på det biologiske mangfaldet innanfor lokaliteten. Dette gjerne kombinert med at ein fjernar hundegraset rett etter slåtten. Det er også viktig å hindre hundekjeks i å spreie seg. Lokaliteten må ikkje pløyast, grøftast, sprøytast eller gjødslast. Grunna spora etter gjødsling, er det veldig viktig at arealet vert slått og avlinga fjerna kvart år.

**Verdivurdering:** Ut frå faktaark for slåttemark frå juni 2015 oppnår lokaliteten høg vekt for areal (om lag 2,7 daa), låg vekt for typevariasjon, raudlistearter og låg til middels vekt for artsamangfald. Her er også potensialet for sjeldne og raudlista artar av beitemarksopp vurdert og inkludert. Den oppnår elles høg vekt på påverknad og midtels til høg vekt på tilstand ut frå bruken av arealet. Den oppnår høg vekt for landskapsøkologi i og med at den ligg nær andre kulturmarkslokalitetar. Ut frå dette oppnår lokaliteten verdien; Viktig – B, med moglegheit for auke av verdien om skjøtselen vert oppretthalden. Verdien er likevel svak grunna spora etter gjødsling, men vil auke med riktig skjøtsel.



Figur 12. Øvre delar av lokaliteten sett frå vest mot aust. (Foto: Bioreg AS ©).



Figur 13. Lokaliteten er merka med raudt, og andre lokalitetar med slåttemark i nærleiken er merka med grønt.

## NORDMØRE

### Lok nr. 7. Bergset. Verdi: Viktig - B.

Sunnadal kommune i Møre og Romsdal

Naturbase-nummer: NY

UTM EUREF89 32V N 6931569 A 498846

Areal: 0,5 daa

#### Naturtyperegistreringar:

**Naturtype:** Slåttemark 100 %.

**Utforming:** Fattig slåtteeeng (100 %)

**Vernestatus:** Ingen

**Feltsjekk:** 12.07.15 av Solfrid Helene Lien Langmo.

**Avgreningspresisjon:** < 5 meter. Målemetode: Avgrensa etter flyfoto og bruk av GPS.

**Innleiing:** Lokalitetsskildringa er utarbeidd av Solfrid Helene Lien Langmo, Bioreg AS, basert på eige feltarbeid 12.07.2015 i samband med kartlegging av utvalde naturtypar på oppdrag for Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Lokaliteten er ikkje tidlegare undersøkt av fagfolk, men vart meldt inn som potensiell slåttemark av grunneigaren. Det er registrert mange viktige kulturmarkslokalitetar i nærområda.

**Lokalisering og naturgrunnlag:** Lokaliteten er stort sett identisk med eit hyttetun i Hafsåsen ved inngangen til Grøvu- og Geitådalen søraust i Sunndal kommune. Den består av ei lita eng mellom husa på eit tidlegare småbruk som no er nytta som fritidsbustad. Lokaliteten er avgrensa av hus og meir oppgjødsla enger. Berggrunnen består i fylgje berggrunnskartet av augnegneis, granitt, foliert granitt, men tett inntil ligg også rikare berggrunn som sandstein og glimmerskifer. Lausmassane består av breelavsetningar. Området ligg i mellomboreal (MB) vegetasjonssone, og i svakt oseanisk (O1) vegetasjonsseksjon.

**Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:** Lokaliteten er avgrensa som naturtypen slåttemark av utforminga fattig slåtteeeng (100 %) sjølv om engene nok for det meste er intermediære og på grensa til baserike. Elles finst det stadvis fragment av noko som ligg tett opp til fukteng, for det meste grunna skuggeverknadane av skogen rundt lokaliteten. Etter NiN er lokaliteten å rekne som seminaturleg eng (T 32). Naturtypen kulturmarkseng der slåttemark er inkludert er vurdert som; Sårbar - VU i Norsk raudliste for naturtypar frå 2011, medan slåtteeeng i seg sjølv er vurdert som; Sterkt truga - EN. Dette er også ein utvalt naturtype etter naturmangfaldlova.

**Artsmangfald:** Innanfor lokaliteten finst ein god del bakkesoleie og engsyre. Desse er likevel ikkje dominerande. Det finst også ein god del skogstorkenebb innanfor det meste av lokaliteten, men denne er for det meste småvaksen grunna slåtten. Elles finst mellom anna marinøkkel spreidd på det meste av lokaliteten, inkludert nokre få individ av fjellmarinøkkel. Ut over dette vart det registrert artar som; bakkefrytle, blåklokke, engkvein, firkantperikum, fjellmarikåpe, flekkmure, glattmarikåpe, gulaks, harerug, hårsvæve, kvitmaure, prestekrage, svæver sp, raudknapp, raudsvingel, skogmarihand, småengkall og tiriltunge. Aust for husa finst enkelte bjørkerenningar. Ein vurderer lokaliteten å ha brukbart potensiale for sjeldne og raudlista artar av beitemarksopp.

**Bruk, tilstand og påverknad:** Lokaliteten er skjøtta ved meir eller mindre intensiv slått. Areal mellom husa er skjøtta med plenslått, medan areala i aust ber preg av færre slåttar per år. Her ligg det til gjengjeld ein del daudt gras, og verdien av dette arealet er noko lågare. Det er likevel inkludert i lokaliteten då ein reknar restaureringspotensialet her som svært godt. Også i dei areala som er slått oftast, fann ein marinøkkel, truleg av di at det meste av graset vert fjerna rett etter slått. Ein reknar difor lokaliteten som slåttemark, sjølv om slåtteskjøtsel med plenklippar på ingen måte er optimalt. Ovafor husa har det dei seinare åra vore rydda ein del skog, noko også marka ber preg av. Også inne i skogen utafør lokaliteten finst mellom anna ein del gulaks. Heile tomta er gjerda inne med ein flott skigard.

**Framande artar:** Rabarbra som ser ut til å spreie seg aust for husa. I tillegg fanst litt hagelupin.

**Del av heilskapleg landskap:** Lokaliteten utgjer ein del av eit godt bevart kulturlandskap i Hafsåsen. Sjølv om mykje av jorda i dag er nytta til konvensjonell drift på hovudbruket, så finst framleis også fleire verdfulle kulturmarkslokalitetar nær det registrerte området, og fleire av desse har fått utarbeidd skjøtelsesplan dei seinare åra. Like nord og vest for lokaliteten er det registrert eit større område med beiteskog.

**Skjøtsel og omsyn:** Sein slått og bakketurking av avlinga er naudsynt for å ta vare på det biologiske mangfaldet innanfor lokaliteten. Det er også viktig å hindre rabarbra og lupinar i å spreie seg. Lokaliteten må ikkje pløyast, grøftast, sprøytast eller gjødslast. Ein bør også unngå ytterlegare inngrep i samband med hyttene. Om det er mogleg å få til, kan ein vurdere haustbeite her.

**Verdivurdering:** Ut frå faktaark for slåttemark frå juni 2015 oppnår lokaliteten middels vekt for areal (litt over 0,5 daa), låg vekt for typevariasjon, raudlistearter og middels vekt for arts- og artsmangfald. Her er også potensialet for sjeldne og raudlista artar av beitemarksopp vurdert og inkludert. Den oppnår elles middels vekt på påverknad ut frå at bruken er noko for intensiv, og middels til høg vekt på tilstand. For landskapsøkologi oppnår den høg vekt i og med at den ligg nær andre kulturmarkslokalitetar. Ut frå dette oppnår lokaliteten verdien; Viktig – B, med moglegheit for auke av verdien om skjøtselen vert oppretthalden eller forbetra.



Figur 14. Her ser ein delar av arealet mellom husa. Det ser ut til at det er bakkesoleie som dominerer, men ser ein betre etter finn ein både marinøkkel, raudknapp, kvitmaure, blåklokke og harerug her. (Foto: Bioreg AS ©).



Figur 15. Også aust for husa finst eit mindre område med slåttemark sjølv om kvaliteten på dette er noko dårlegare. Også her finst prestekrage og gulaks. (Foto: Bioreg AS ©).



**Figur 16.** Lokalteten er merka med raud avgrensing. Den store lokaliteten i vest er ein liten del av den nemnde beiteskogen.

**Lok nr. 8. Lykkjeliin. Verdi: Viktig – B.**

Sunnadal kommune i Møre og Romsdal

Naturbase-nummer: NY

UTM EUREF89 32V N 6931126 A 502944

Areal: 6,1 daa

**Naturtyperegistreringar:**

**Naturtype:** Slåttemark 100 %.

**Utforming:** Rik slåttetørreng (100 %)

**Vernestatus:** Ingen

**Feltsjekk:** 12.07.15 av Solfrid Helene Lien Langmo.

**Avgreningspresisjon:** < 5 meter. Målemetode: Avgrensa etter flyfoto og bruk av GPS.

**Innleiing:** Lokalitetsskildringa er utarbeidd av Solfrid Helene Lien Langmo, Bioreg AS, basert på eige feltarbeid 12.07.2015 i samband med kartlegging av utvalde naturtypar på oppdrag for Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Lokaliteten er ikkje tidlegare undersøkt av fagfolk, men vart meldt inn som potensiell slåttemark av grunneigaren. Det er registrert mange viktige kulturmarkslokalitetar i nærområda.

**Lokalisering og naturgrunnlag:** Lokaliteten ligg nedanfor Fjellgardan i Sunndal kommune. I sør grensar lokaliteten til elva Grødøla og Svøufallet. Elles er den avgrensa av kulturmark på alle kantar, både meir oppgjødsla eng og i vest av ei anna slåttemark (Nestuliin). Berggrunnen består i fylgje berggrunnskartet av metasandstein, glimmerskifer, amfibolitt, hornblendegneis og glimmergneis, stadvis migmatittisk. Lausmassane består av breel-vavsetningar. Området ligg i mellomboreal (MB) vegetasjonssone, og i svakt oscanisk (O1) vegetasjonsseksjon.

**Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:** Lokaliteten er avgrensa som naturtypen slåttemark av utforminga rik slåttetørreng (100 %). For det meste er enga veldrenert, og i tillegg finst ein del svært grunnlendte parti og nokre små bergknausar. Etter NiN er lokaliteten å rekne som seminaturleg eng (T 32). Naturtypen kulturmarkseng der slåttemark er inkludert er vurdert som Sårbar - VU i Norsk raudliste for naturtypar frå 2011, medan slåtteeng i seg sjølv er vurdert som sterkt truga - EN. Dette er også ein utvalt naturtype etter naturmangfaldlova.

**Artsmangfald:** Innanfor lokaliteten dominerer dunhavre i store parti. Ut over dette dominerer artar som engkvein, gjeldkarve, kvitmaure, lintorskemunn og raudknapp. Elles finst mellom anna blåklokke, flekkmure, gulaks, hare-rug, marinøkkel (nokre få spreidde individ), markjordbær, raudkløver, raudsvingel, rundskolm, smalkjempe, små-engkall, tepperot og tviskjeggveronika. På bergknausane finst mellom anna augnetrøyst sp, blå rapp, hårsvæve, småbergknapp, småsmelle, småsyre, sølv-mure, tiriltunge, vill-lin og åkerstemor. I tillegg finst enkelte område meir prega av attgroing, med parti dominert av artar som gulskolm, hundegras, og stadvis noko bringebær og reinfann, men også her dunhavre.

I nedste delen av lokaliteten finst nokre osperenningar. Ein del av det nemnde artsmangfaldet held i sør fram også utanfor lokaliteten, i skråninga ned mot Grødøla.

Potensialet for sjeldne og raudlista artar av beitemarksopp er vurdert som godt innanfor det meste av lokaliteten, og særleg i dei partia der hundegraset manglar.

Jordal (2004) skildrar i tillegg funn av mellom anna berggull og sandarve.

**Bruk, tilstand og påverknad:** For det meste er artsmangfaldet innanfor lokaliteten jamt fordelt, og enga er dominert av naturlege ikkje innsådde artar. Lokaliteten er ikkje slått på ei stund, og ber preg av dette. Spesielt gjeld dette dei partia der hundegraset er mest dominerande. Området er framleis truleg sporadisk beita av sauer, og Jordal (2004) omtalar at det beita sau her i 1999. Det finst spor etter eldre plogfurer her, samt svake spor etter gjødsling. Spora etter pløying er tydeligast i øvre delen. Truleg kjem gjødselverknaden innanfor lokaliteten meir av attgroing og opphøyr av skjøtsel, enn av at det faktisk har vore gjødsla. I nord er lokaliteten delvis avgrensa av ein steingard. Ei høgspenline kryssar enga frå vest mot aust. Også areal i nordaust utanfor lokaliteten, som i dag er meir dominert av bringebær og hundegras, er å rekne som restaureringsareal om skjøtselen vert sett i gang innanfor lokaliteten.

**Framande artar:** Vårpengeurt

**Del av heilskapleg landskap:** Lokaliteten utgjer ein del av eit godt bevart kulturlandskap rundt Fjellgardan. Her er mange verdfulle lokalitetar med kulturmark, samt fleire godt bevarte gardstun. Heile landskapet framstår som svært verdfullt.

**Skjøtsel og omsyn:** Sein slått og bakketurking av avlinga, gjerne i kombinasjon med fjerning av hundegraset rett etter slått, er tilrådeleg for å ta vare på det biologiske mangfaldet innanfor lokaliteten. Det er også viktig å hindre osp i å spreie seg. Lokaliteten må ikkje pløyast, grøftast, sprøytast eller gjødslast. Om det er mogleg å få til, kan ein vurdere haustbeite her.

**Verdivurdering:** Ut frå faktaark for slåttemark frå juni 2015 oppnår lokaliteten høg vekt for areal (om lag 6,1 daa), låg vekt for typevariasjon og raudlistearter og middels til høg vekt for artsmangfald. Her er også potensialet for sjeldne og raudlista artar av beitemarksopp inkludert. Den oppnår elles middels vekt på påverknad ut frå at hevdan let til å vere opphøyrd for nokre år sidan, og middels til låg vekt på tilstand. Den oppnår høg vekt for landskapsøkologi i og med at den ligg nær andre kulturmarkslokalitetar. Ut frå dette oppnår lokaliteten verdien; Viktig – B. Verdien er svak, og ein er avhengig av skjøtselen vert teke opp att, om verdien skal oppretthaldast.





Figur 17. Lokalteten sett frå vest mot aust. Det dominerande graset i enga er dunhavre. (Foto: Bioreg AS ©).



Koordinat: 502777.6,6931129.2 Skala 1:1 415 Rotasjon: 0,0 Tegn opp EPSG:32632 (OTF

Figur 18. Lokalteten er merka med raudt. I vest ser ein også den avgrensa lokaliteten Nestuliin.

**Lok nr. 9. Tjønnerget. Verdi: Viktig - B.**

Surnadal kommune i Møre og Romsdal

Naturbase-nummer: NY

UTM EUREF89 32V N 6986680 A 475662

Areal: 2,5 daa

**Naturtyperegistreringar:**

**Naturtype:** Slåttemark (100 %).

**Utforming:** Fattig slåtteeeng (50 %), fattig slåttefukteng (50 %).

**Vernestatus:** Ingen

**Feltsjekk:** 11.07.15 av Solfrid Helene Lien Langmo.

**Avgrensingspresisjon:** < 5 meter. Målemetode: Avgrensa etter flyfoto og bruk av GPS.

**Innleiing:** Lokalitetsskildringa er utarbeidd av Solfrid Helene Lien Langmo, Bioreg AS, basert på eige feltarbeid 11.07.2015 i samband med kartlegging av utvalde naturtypar på oppdrag for Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Lokaliteten er ikkje tidlegare undersøkt utanom av grunneigaren, men vart meldt inn som potensiell slåttemark av grunneigaren.

**Lokalisering og naturgrunnlag:** Lokaliteten består av engene rundt den gamle husmannsplassen Tjønnerget på nordsida av Hammesfjorden i Surnadal kommune. Lokaliteten er avgrensa av husa i aust, og elles for det meste av furuskog. Berggrunnen består i fylgje berggrunnskartet av diorittisk til granittisk gneis, migmatitt og lausmassane av tynne morenemassar. Området ligg i boreonemoral vegetasjonssone, og i klart oseanisk (O2) vegetasjonsseksjon.

**Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:** Lokaliteten er avgrensa som naturtypen slåttemark (100 %) av utformingane fattig slåtteeeng (50 %) og fattig slåttefukteng (50 %). For det meste er enga i aust frisk til godt drenert, men den i vest er noko fuktigare, noko som både kan ha samband med sigevatn frå terrenget, og med skuggeverknadane av skogen. Den er elles avgrensa av skog på alle kantar. Etter NiN er lokaliteten å rekne som seminaturleg eng (T 32). Naturtypen kulturmarkseng der slåttemark er inkludert er vurdert som Sårbar - VU i Norsk raudliste for naturtypar frå 2011, medan slåtteeeng i seg sjølv er vurdert som sterkt truga - EN. Dette er også ein utvalt naturtype etter naturmangfaldlova.

**Artsmangfald:** Innanfor lokaliteten dominerer artar som bakkefrytle, engkvein, gulaks, småengkall og stadvis også mykje grov nattfiol (grunneigar fortalde at ho rekna 150 individ, og da stoppa ho å telje). Elles finst artar som blåklokke, blåknapp, fuglevikke, gjerdevikke, prestekrage, raudkløver, raudsvingel, smalkjempe, sveve-artar og tepperot. I fuktigare parti finst ein del flekkmarihand, hanekam, harestorr og knappsiv, og i vest også ein del myrtistel og myrfiol. Ut mot kantane aukar innslaget av gjengroingsartar som firkantperikum, ryllik og tviskjeggveronika. Her finst også stadvis mykje einstape. Elles finst enkelte bjørkerenningar. Særleg i aust er potensialet for sjeldne og raudlista artar av beitemarksopp vurdert som brukbart.

**Bruk, tilstand og påverknad:** Lokaliteten er skjotta ved slått, og i fylgje grunneigar gjeng denne føre seg etter 20. juli. Nedanfor husa har det vore fleire mindre åkerlappar til dyrking av potet, men også dette området er inkludert i lokaliteten då restaureringspotensialet også her er godt. Arealet nedanfor skotet har vore jordbæråker, men var svært attgrodd i 2005 og vart restaurert og isådd med høyoppsoop frå låven. Lokaliteten har vore under restaurering dei siste 10 år og ber tydeleg preg av årleg slått, men med ei viss attgroing frå kantane grunna store bestandar av einstape i vest. Her er også skuggeverknadane av skogen svært tydelege, då grasdekke er svært tynt, og ein del fuktikrevjande artar opptrer i større mengder her enn elles i lokaliteten. Enkelte parti av lokaliteten, særleg nedanfor huset og vedskotet, ber preg av tidlegare gjødsling.

**Framande artar:** Frukttre, kirsebær, nyseryllik, syrin og rosebuskar nær husa. Gamle flyfoto viser at det tidlegare har stått fleire frukttre aust for husa.

**Del av heilskapleg landskap:** Lokaliteten utgjer ein del av eit lite kulturlandskap nord for Hammesfjorden. Det meste av dette er ikkje i drift i dag, slik at lokaliteten framstår som noko isolert. Ein må likevel rekne med at det finst kantsoner og vegkantar her som framleis innehar eit mangfald av engartar.

**Skjøtsel og omsyn:** Sein slått slik som i dag, og bakketurking av avlinga er naudsynt for å ta vare på det biologiske mangfaldet innanfor lokaliteten. Det er også viktig å hindre syrinar, rosekratt, myrtistel og einstape i å spreie seg. Lokaliteten må ikkje pløyast, grøftast, sprøytast eller gjødslast. Om det er mogleg å få til, kan ein vurdere haustbeite her.

**Verdivurdering:** Ut frå faktaark for slåttemark frå juni 2015 oppnår lokaliteten høg vekt for areal (om lag 2,5 daa), middels vekt for typevariasjon grunna innslag av fukteng, middels til låg vekt for raudlistearter og middels vekt for arts- og mangfald. Her er også potensialet for sjeldne og raudlista artar av beitemarksopp vurdert og inkludert. Den oppnår elles høg vekt for påverknad ut i frå at bruken dei seinare år har vore riktig i høve til skjøtsel av slåttemark. Den oppnår middels til høg vekt på tilstand ut frå at attgroingsartar framleis dominerer i kantane, samt at skuggeverknaden på den vestlege delen av lokaliteten er stor. Den oppnår middels til låg vekt for landskapsøkologi i og med at det meste av kulturlandskapet i nærleiken er ute av drift, eller er drive svært intensivt. Ut frå dette, samt førekomstane av fukteng oppnår lokaliteten verdien; Viktig – B, med moglegheit for auke av verdien om skjøtselen vert oppretthalden eller forbetra.



Figur 19. Her ser ein den austlege delen av lokaliteten med husa. (Foto: Bioreg as ©).



Figur 20. I den vestlege delen av lokaliteten er skuggeverknadane tydelege. Her finst også mykje einstape i kantane. (Foto: Bioreg as ©).



**Figur 21. Lokalteten er avgrensa med raud strek.**

## ROMSDAL

### Lok nr. 10. Kvalsnes. Verdi: Viktig - B.

Fræna kommune i Møre og Romsdal

Naturbase-nummer: NY

UTM EUREF89 32V N 6967653 A 401414

Areal: 1,8 daa

#### Naturtyperegistreringar:

**Naturtype:** Slåttemark 100 %.

**Utforming:** Fattig slåtteeeng (100 %)

**Vernestatus:** Ingen

**Feltsjekk:** 10.07.15 av Solfrid Helene Lien Langmo.

**Avgrensingspresisjon:** < 5 meter. Målemetode: Avgrensa etter flyfoto og bruk av GPS.

**Innleiing:** Lokalitetsskildringa er utarbeidd av Solfrid Helene Lien Langmo, Bioreg AS, basert på eige feltarbeid 10.07.2015 i samband med kartlegging av utvalde naturtypar på oppdrag for Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Lokaliteten er ikkje tidlegare undersøkt, men vart meldt inn som potensiell slåttemark av fylkesmannen.

**Lokalisering og naturgrunnlag:** Lokaliteten består av ei veldrenert lita eng ovanfor husa på Kvalsnes (gnr 30/2) i Fræna kommune. Den er avgrensa av huset og tunet i sør og av ein veg i aust. I nord og vest er den avgrensa av yngre skog. Berggrunnen består i fylgje berggrunnskartet av gneis, vanlegvis åregneis (migfattisk gneis) og lausmassane av tynne hav/strandavsetningar. Området ligg i sørboreal (SB) vegetasjonssone, og på grensa mellom klart oseanisk (O2) og sterkt oseanisk vegetasjonssesjon, humid underseksjon (O3h).

**Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:** Lokaliteten er avgrensa som naturtypen slåttemark av utforminga fattig slåtteeeng (100 %). For det meste er enga frisk til godt drenert. Den er avgrensa av skog på alle kantar. Etter NiN er lokaliteten å rekne som seminaturleg eng (T 32). Naturtypen kulturmarkseng der slåttemark er inkludert er vurdert som; Sårbar - VU i Norsk raudliste for naturtypar frå 2011, medan slåtteeeng i seg sjølv er vurdert som; Sterkt truga - EN. Dette er også ein utvalt naturtype etter naturmangfaldlova.

**Artsmangfald:** Innanfor lokaliteten dominerer artar som bakkefrytle, engkvein, englodnegras (ikkje særleg storvaksen) gulaks, jordnøtt og småengkall,. Meir spreidd vart det registrert mellom anna; aurikkelsvæve, bakkesoleie, blåklukke, engsyre, geitsvingel, knappsiv (i kanten), kvitkløver, kvitsymre, kystgrisøyre, prestekrage og raudkløver (båe kløverartane opptre flekkvis), raudsvingel, ryllik, smalkjempe, sølvbunke, tepperot og nokre få individ av grov nattfiol.

I øvre kant hadde det i fylgje grunneigaren tidlegare vore planta solblom, utan at denne vart påvist ved undersøkingane i 2015.

Det er eit godt potensiale for sopp på det meste av lokaliteten. Unntaket er dei små partia der det er mest kløver.

**Bruk, tilstand og påverknad:** Lokaliteten er halden i hevd ved slått, og i fylgje grunneigar Jostein Kvalsnes gjeng denne føre seg i siste del av juli eller fyrst i august. Før vart den slått med slåmaskin, men i det seinare med förhaustar. Noko av arealet har ein gong vore potetåker, og dette kan nok vere med å forklare den noko ujamne arts-samansetjinga. Lokaliteten er i fylgje grunneigaren berre svært sparsamt gjødsla med kunstgjødsel, men det har vore brukt noko husdyrgjødsel. Lokaliteten ber tydeleg preg av å vere slått, og har jamn fin struktur. Dei fleste av engartane, som blåklukke, småengkall og jordnøtt finst spreidd over det meste av lokaliteten, medan kløveren opptre noko meir flekkvis.

**Framande artar:** Lerk, rynkerose.

**Del av heilskapleg landskap:** Lokaliteten utgjer ein del av eit stort kulturlandskap sør for Frænfjorden. Det meste av dette landskapet er intensivt drive, og ingen liknande lokalitetar er registrerte i området. Ein må likevel rekne med at det kan finnast enkelte mindre område med beitemark og ein del vegkantar som kan ivareta noko av det biologiske mangfaldet knytt til det gamle kulturlandskapet.

**Skjøtsel og omsyn:** Sein slått slik som i dag, og bakketurking av avlinga er naudsynt for å ta vare på det biologiske mangfaldet innanfor lokaliteten. Det er også viktig å hindre rosekratt og lerk i å spreie seg. Lokaliteten må ikkje pløyast, grøftast, sprøytast eller gjødslast. Om det er mogleg å få til, kan ein vurdere haustbeite her.

**Verdivurdering:** Ut frå faktaark for slåttemark frå juni 2015 oppnår lokaliteten høg vekt for areal (om lag 1,8 daa), middels vekt for typevariasjon grunna innslag av fukteng, middels til låg vekt for raudlistearter og middels vekt for arts-mangfald. Her er også potensialet for sjeldne og raudlista artar av beitemarksopp vurdert og inkludert. Den oppnår elles middels til høg vekt på påverknad ut i frå at bruken dei seinare åra har vore god i høve til skjøtsel av slåttemark (förhaustinga er med å trekkje ned). Den oppnår høg vekt på tilstand ut frå at den er i aktiv bruk. Den oppnår middels til låg vekt for landskapsøkologi i og med at det meste av kulturlandskapet i nærleiken er drive svært intensivt. Ut frå dette oppnår lokaliteten verdien; Viktig – B, med moglegheit for auke av verdien om skjøtselen vert oppretthalden eller forbetra.



Figur 22. Lokalteten sett frå aust mot vest. Her ser det ut til at englodnegras dominerer fullstendig, noko som ikkje er tilfelle. For det meste er det god avstand mellom stråa, og som nemnt er artar som småengkall, jordnøtt og blåklokke spreidde over det meste av lokaliteten. (Foto: Bioreg AS ©).



Figur 23. Lokalteten er avgrensa med raud strek.

**Lok nr. 11. Åsledbakken aust. Verdi: Viktig - B.**

Vestnes kommune i Møre og Romsdal

Naturbase-nummer: NY

UTM EUREF89 32V N 6943965 A 405250

Areal: 3,4 daa

**Naturtyperegistreringar:**

**Naturtype:** Slåttemark 100 %.

**Utforming:** Fattig slåtteeeng (100 %)

**Vernestatus:** Ingen

**Feltsjekk:** 10.07.15 av Solfrid Helene Lien Langmo.

**Avgrensingspresisjon:** < 5 meter. Målemetode: Avgrensa etter flyfoto og bruk av GPS.

**Innleiing:** Lokalitetsskildringa er utarbeidd av Solfrid Helene Lien Langmo, Bioreg AS, basert på eige feltarbeid 10.07.2015 i samband med kartlegging av utvalde naturtypar på oppdrag for Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Lokaliteten er ikkje tidlegare undersøkt, men vart meldt inn som potensiell slåttemark av grunneigaren.

**Lokalisering og naturgrunnlag:** Lokaliteten består av ei eng aust for husa på Åsledbakken i på Vikebukt i Vestnes kommune. Den er avgrensa av meir oppgjødsla mark i vest, og elles av skog på alle kantar. Berggrunnen består i fylgje berggrunnskartet av diorittisk til granittisk gneis, migmatitt og lausmassane av tjukke morenemassar. Området ligg i sørboreal (SB) vegetasjonssone, og i klart oseanisk (O2) vegetasjonsseksjon.

**Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:** Lokaliteten er avgrensa som naturtypen slåttemark av utforminga fattig slåtteeeng (100 %). For det meste er enga frisk, med enkelte noko turrare parti og også nokre mindre parti med fukteng. Etter NiN er lokaliteten å rekne som seminaturleg eng (T 32). Naturtypen kulturmarkseng der slåttemark er inkludert er vurdert som; Sårbar - VU i Norsk raudliste for naturtypar frå 2011, medan slåtteeeng i seg sjølv er vurdert som sterkt truga - EN. Dette er også ein utval naturtype etter naturmangfaldlova.

**Artsmangfald:** Innanfor lokaliteten dominerer artar som grov nattfiol (fleire hundre individ spreidd utover heile arealet), bakkefrytle, engkvein, gulaks og raudsvingel. Meir spreidd vart det registrert mellom anna blåklokke, englodnegras, jordnøtt, prestekrage, smalkjempe, småengkall, sølvbunke og tepperot, medan kvitkløver og raudkløver opptre flekkvis på enga. I fuktigare parti finst innslag av hanekam, kvitbladtistel og myrtistel (få individ). Ut mot kantane, særleg i øvre del, finst i tillegg noko krattlodnegras og skogsnelle.

Det verkar å vere godt potensiale for sopp på det meste av lokaliteten.

**Bruk, tilstand og påverknad:** Lokaliteten er skjøtta ved slått, og har i fylgje brukaren Magnus Jansson aldri vore kunstgjødsla. Den ber likevel eit visst preg av gjødsling, helst mest grunna at grasen i ein periode har vore slått og ikkje fjerna. Opp mot skogen ligg eit gammalt sommarfjøs. Her finst også eit steingjerde. Heile lokaliteten har flat struktur, og artsfordelinga er jamn. Ut mot kanten finst likevel einskilde teikn på attgroing. Sør for lokaliteten er det planta nokre graner.

**Framande artar:** Nyseryllik, gran


**Del av heilskapleg landskap:** Lokaliteten utgjer ein del av eit stort kulturlandskap på Vikebukt. Det meste av dette landskapet er intensivt drive, og ingen liknande lokalitetar er registrerte i området, unnateke Vikasetra, eit par kilometer søraust for lokaliteten. Ein må likevel rekne med at det kan finnast enkelte mindre område med beitemark og ein del vegkantane som kan ivareta noko av det biologiske mangfaldet knytt til det gamle kulturlandskapet.

**Skjøtsel og omsyn:** Sein slått slik som i dag, i kombinasjon med bakketurking av avlinga eit par dagar, er naudsynt for å ta vare på det biologiske mangfaldet innanfor lokaliteten. Det er også viktig å hindre gran i å spreie seg, samt å slå heilt ut i kantane for å unngå spreing av krattlodnegras. Lokaliteten må ikkje pløyast, grøftast, sprøytast eller gjødslast. Om det er mogleg å få til, kan ein vurdere haustbeite her.

**Verdivurdering:** Ut frå faktaark for slåttemark frå juni 2015 oppnår lokaliteten høg vekt for areal (om lag 3,4 daa), middels til låg vekt for typevariasjon grunna innslag av fukteng, middels til låg vekt for raudlistearter og låg vekt for artsomangfald. Her er også potensialet for sjeldne og raudlista artar av beitemarksopp inkludert. Den oppnår elles middels til høg vekt på påverknad ut i frå at bruken dei seinare åra har vore god i høve til skjøtsel av slåttemark. Den oppnår høg vekt på tilstand ut frå at den er i aktiv bruk. Den oppnår elles middels til låg vekt for landskapsøkologi i og med at det meste av kulturlandskapet i nærleiken er drive svært intensivt. Ut frå dette oppnår lokaliteten verdien; Viktig – B, med moglegheit for auke av verdien om skjøtselen vert oppretthalden eller forbetra.



**Figur 24.** Lokalteten sett frå vest mot aust. Heilt øvst i lokaliteten ser ein det nemnde sommarfjøset. (Foto: Bioreg AS ©).



**Figur 25.** Lokalteten er avgrensa med raud strek.



## LITTERATUR

### Litteratur

Jordal, J. B., 2000: Biologiske undersøkingar på fjellgardane og i seterdalane i Grøvuvasdraget, Sunndal kommune. Statusrapport for kulturlandskapet. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Landbruksavdelinga, rapport nr. 3-2000. 84 s. ISSN 0906-0363. ISBN 82-91585-12-1.

Jordal, J.B., 2004. Et gløtt inn i Sunndalsnaturen – en kartlegging av viktige naturtyper. Sunndal kommune, rapport. 262 s. ISBN 82-990812-7-0.

Jordal, J. B. 2011. Supplerande kartlegging av naturtypar i kulturlandskapet i Norddal og Stranda i 2009-2010. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, miljøvernavingdelinga, rapport 2011: 01.

Sparstad, K. (2000?) Forvaltningsplan for husmannsplassen Severinbrauta. Stiftelsen for Severinbrauta museum.

### Munnlege kjelder

Kjell Kosberg, grunneigar Bergset  
Kirsti Pernille Indreeide, prosjektleiar i Stiftinga Severinbrauta  
Magnar Jonsson, drivar Åslebakken  
Oddvin Westerås, grunneigar Vesterås  
Arnfinn Westerås, grunneigar Vesterås  
Ronny Torgersen, grunneigar Muriås  
Ole Ytterhaug, grunneigar Nordhaugane på Kleive  
Terje Svisdal, drivar Lykkjån  
Torleif Svisdal, tidlegare grunneigar Lykkjån  
Bolette Bele, grunneigar Tjønnerget  
Jostein Kvalsnes, grunneigar Kvalsnes

### Kjelder frå Internett

Artsdatabanken - [Artskart](#)

## VEDLEGG 1 FULLE ARTSLISTER FRÅ REGISTRERINGANE I JULI 2015.

### Artslister

#### SUNNMØRE

##### Lok nr 1 Vesterås;

##### Litjegjerdet

bakkefrytle  
bjørk  
bleikstarr  
blåklokke  
blåkoll  
enghumleblom  
finnskjegg  
glattmarikåpe  
gråstarr  
gulaks  
harerug  
hengeving  
kvitbladtistel  
legeveronika  
markjordbær  
osp  
raudkløver  
raudknapp  
raudsvingel  
ryllik  
skogburkne  
skogfiol  
skogstorkenebb  
smalkjempe  
snauveronika  
sumpmaure  
tiriltunge

##### Lok nr 2 Vesterås; Bruateingen, Små- bakksenden, Litje- bakken og Øvste Starreiten.

bekkeblom  
bitterbergknapp  
blåklokke  
blåkoll  
engkvein  
englodnegras  
engreverumpe  
engsmelle  
firkantperikum  
fjellmarikåpe  
fuglevikke  
føllblom  
harestarr  
hundegras  
gjerdevikke  
gulaks  
gulmaure  
hundekjeks  
kvann  
kjeldemosar

kvitbladtistel  
kvitmaure  
lintorskemunn  
markjordbær  
raudkløver  
raudknapp  
raudsvingel  
ryllik  
ryllsiv  
skarmarikåpe  
småengcall  
småsmelle  
tepperot  
stormaure  
tiriltunge  
vill-lauk  
åkerstemor

##### Lok nr 3 Vesterås;

##### Trekanten

bakkesoleie  
bitterbergknapp  
blåklokke  
engkvein  
engreverumpe  
engsmelle  
engsyre  
fuglevikke  
gjerdevikke  
gulaks  
gulmaure  
harestarr  
humle  
hundegras  
hundekjeks  
kvitkløver  
mjødurt  
nesler  
raudkløver  
raudknapp  
ryllik  
skarmarikåpe  
skogburkne  
småsmelle  
stankstorkenebb  
sølvmore

##### Lok nr 4 Vesterås; Gardskroken, Al- mene og Trekanten

alm (VU)  
bitterbergknapp  
blåklokke  
blåkoll  
engkvein  
englodnegras  
engreverumpe  
engsmelle  
firkantperikum

fjellmarikåpe  
fjellsmelle  
gulaks  
gulmaure  
harestarr  
hundegras  
hundekjeks  
kvann  
kvitbladtistel  
kvitmaure  
lintorskemunn  
markjordbær  
småengcall  
stormaure  
raudknapp  
ryllik  
tepperot  
tiriltunge  
vill-lauk  
åkerstemor

##### Lok nr 5 Severin- brauta

akeleie  
bakkefrytle  
bakkesoleie  
bitterbergknapp  
bleikstarr  
blåbær  
blåklokke  
blåkoll  
bringeber  
einer  
enghavre  
engkvein  
engreverumpe  
fjellmarikåpe  
frukttre  
fuglevikke  
gjerdevikke  
gran  
gulaks  
hagelupin  
hagerips  
hegg  
hundegras  
hundekjeks  
hårsveve  
jonsokkoll  
krossved  
kveke  
kvitbladtistel  
legeveronika  
myrtistel  
løytnantshjarte  
ormetelg  
prestekrage  
raudkløver  
raudknapp

raudsvingel  
reinfann  
ryllik  
skarmarikåpe  
skogburkne  
skogstorkenebb  
stikkelsbær  
storphjelm  
storkonvall  
stormaure  
sølvbunke  
timotei  
tviskjeggveronika  
ungarsyrin  
vårpengeurt

##### Lok nr 6 Muriås;

##### Storåkeren

bakkefrytle  
blåklokke  
engkvein  
engrapp  
firkantperikum  
grov nattfiol  
gulaks  
hundegras  
hundekjeks  
nesler  
prestekrage  
raudkløver  
raudsvingel  
ryllik  
skogburkne  
skogstorkenebb  
skogsvinerot  
sølvbunke  
tepperot  
tiriltunge  
tveskjeggveronika  
vendelrot

##### NORDMØRE

##### Lok nr 7 Bergset

arve sp  
bakkefrytle  
blåklokke  
flekkmure  
firkantperikum  
fjellmarikåpe  
fjellmarinøkkel  
engkvein  
engsmelle  
føllblom  
glattmarikåpe  
grasstjerneblom  
gulaks  
gullris  
harerug

hårsveve	småbergknapp	sløke	hanekam
kornstarr	småengkall	smalkjempe	hundegras
kvitmaure	småsmelle	småengkall	jordnøtt
maiblom	småsyre	småmarimjelle	kvitbladtistel
marinøkkel	snauveronika	storfrytle	kvitkløver
prestekrage	stormaure	sveve sp	myrtistel
raudknapp	sveve sp	syryn	nyseryllik
raudsvingel	sølvzure	tepperot	prestekrage
ryllik	tepperot	tveskjeggveronika	raudkløver
skogfiol	timotei	tågebær	raudsvingel
skogmarihand	tiriltunge	vendelrot	ryllik
slirestarr	tveskjeggveronika		smalkjempe
småengkall	vill-lin		småengkall
snauveronika	vinterkarse	<b>ROMSDAL</b>	snauveronika
stormaure	vårpengeurt	<b>Lok nr 10. Kvalsnes</b>	stormaure
sveve sp	åkersnelle	aurikkelsveve	sølvbunke
tiriltunge	åkerstemor	bakkefrytle	tepperot
		bakkesoleie	
<b>Lok nr 8 Lykkjeliin</b>	<b>Lok nr 9 Tjønner-</b>	bleikstarr	
augnetrøyst sp	<b>get</b>	blåkløkke	
bakkefrytle	bakkefrytle	englodnegras	
bakkesoleie	bakkesoleie	engkvein	
blåkløkke	bjørk	engsyre	
blårapp	bleikstarr	fuglevikke	
bringeber	blåknapp	føllblom	
dunhavre	blåbær	geitsvingel	
engkvein	blåkløkke	gjerdevikke	
englodnegras	blåkoll	grov nattfiol	
engsmelle	einstape	gulaks	
firkantperikum	engkvein	jordnøtt	
flekkzure	firkantperikum	knappsiv	
fuglevikke	flekkmarihand	kvitkløver	
geitrams	frukttre	kvitsymre	
gjeldkarve	fugletelg	kystgrisøyre	
gjerdevikke	fuglevikke	lerk	
grasstjerneblom	furu	prestekrage	
gulaks	føllblom	raudkløver	
gulskolm	geiterams	raudsvingel	
harerug	gjerdevikke	ryllik	
hundregras	grov nattfiol	rynkerose	
hundekjeks	gråor	skarmarikåpe	
hårsveve	gulaks	smalkjempe	
karve	hanekam	småengkall	
kvassdå	harestarr	sølvbunke	
kveke	hegg	tepperot	
kvitkløver	hengeveng		
kvitmaure	kirsebær	<b>Lok nr 11. Åsled-</b>	
lintorskemunn	knappsiv	<b>bakken</b>	
marinøkkel	liljekonvall	bakkefrytle	
markjordbær	marikåpe sp	bakkesoleie	
nesler	mjødur	bleikstarr	
osp	myrfiol	blåkløkke	
raudkløver	myrtistel	blåkoll	
raudknapp	nyseryllik	engkvein	
raudsvingel	prestekrage	englodnegras	
reinfann	raudkløver	engsyre	
rundskolm	raudsvingel	fuglevikke	
ryllik	rose sp	føllblom	
skogkløver	ryllik	gjerdevikke	
skogstorkenebb	skarmarikåpe	grasstjerneblom	
smalkjempe	skogstjerne	grov nattfiol	
	skogstorkenebb	gulaks,	

